



Klara var eldst ved urna i føremiddag med sine 96 år. Steinar Kroka tek imot

Rundt 100 uskedelinger hadde gjort borgarplikta si i Aktivitetshuset i dei fyrste 2 timane av valet og sett i samanheng med føreåtrøystinga er det grunn til å håpa på ein bra oppslutnad totalt sett. Det var 119 uskedelinger som røysta føreåt av 729 røysteføre og det vert vel 16 prosent. Under stortingsvalet for 4 år sidan var det 748 røysteføre. I Kvinnherad har vel 19 prosent røysta på førehand mot 17 prosent sist. Eldst av dei som møtte fram i føremiddag var bygdas nest eldste innbyggjar Klara Døssland, som har runda 96.



Knut Sjøvall: Det sprekk før det har gått eit år!

Den eldste er Borghild Hansen på 98 - og ho røysta på førehand!



Sjetteklassingane vart orientert

Røystestyret med Åse Myklebust Neset, Steinar Kroka, Britt Arnesen og Inger Elise Hølgeland gjekk laus på ei 8 timar lang arbeidsøkt då dei opna dørene. Men dei var godt førebudd med niste og termosar - det er framleis ingen konto for mat til valpersonell!



Fmteklassingane vart orientert

Blant dei som var tidleg ute var AP-veteranen Knut Sjøwall som har stemt ved alle val sidan Gerhardsen tapte i 1963. No er han førebudd på eit nytt tap, men kom med denne

prognosen etterat seddelen var på plass i urna frå 1903:

-Vert det ei ny regjering sprekk ho innan eitt år!

Tidlegare rektor Vidar Haugland etterlot heller ingen tvil om kva han hadde stemt på. Han kom med denne erklæringa ved urna:

- Regjeringsskifte betyr katastrofe. Eg har i alle fall gjort mitt for å hindra det!

Nærleiken til skulen gjorde det mogeleg å la valet inngå i timane i 2 av klassane - femte og sjette - og elevane var svært interesserte. Sjetteklassingane fekk til og med gå inn i avlukket der dei 16 sedlane ligg.

Attende til frammøtet: Sist det var stortingsvalg kom prosenten opp i 68,5 i Uskedalen etter å ha vore heilt nede på 50-talet ved fleire val. Vert det over 70 prosent denne gongen?

Limerickmeister Olaf Agnar Gausvik har forresten forfatta denne strofa i dag:

**Vi små lar oss slett ikke skremme
av snakket om bortkasta stemme.
Her teller som kjent
hver tidels prosent
så bli ikke sittende hjemme!**

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vidar Haugland: Katastrofe med regjeringskifte!